

Turngruppa

Turngruppa har hatt 174 aktive dette året, mot 91 i fjor. Det har vore vore 7 grupper i aktivitet. 14 trenarar og hjelpetrenarar har sydd det heile saman.

Me har arragert juleoppvisning og turniade i gym.salen på Hatland og turnoppvisning i Lonevåg. Utøvarane har vore og sett 2 konkurransar i Haukelandshallen. 32 born var med på "Gøy i Turnkassen" og turniade. Me fekk med oss ein heim ein 3.plass i matteøving ved Camilla Romslo.

Trenarane har dette året delteke på i alt 6 ulike kurs. Kirsten Varden set i utdanningsutvalet i Hordaland Gymnastikk og Turnkrets som kasserar.

Styret har i år halde 6 styremøte. Siste året har vore eit svært vellukka år, med 83 fleire medlemmar enn året før. Me har klart å motivera og stabilisera oss, og det vil me jobba vidare med. Det er viktig at både trenarar og utøvarar trivest i salen. Me vil perfektjonera trenarane.

**SAK 4 : REKNESKAP 1996**

Rekneskap vert lagt fram på årsmøtet

**SAK 5 : INNKOMNE FORSLAG**

5.1 Handlingsplanen.

Forslag frå styret til endrigar i handlingsplanen vert lagt fram på årsmøtet.

5.2 Sponsoravtale.

Utkast til sponsoravtale vert lagt fram på årsmøtet.

**SAK 6 : MEDLEMSPENNGAR FOR 1997**

Forslag frå styret: Medlemspengane vert som i 1996.  
Vaksne: 150 kr.  
Born : 50kr.

**SAK 7 : BUDSJETT FOR 1997**

Budsjettforslaget frå styret vert lagt fram på årsmøtet. (Alle gruppene har ikkje hatt årsmøte når dette vert skrive.)